



Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/1842-

11. mai 2026

Svar på spørsmål nr. 2615 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

Kan statsråden forklare om statsråden synest det er logisk at finansiering av rassikringsprosjekt slik som fv. 63 Trollstigen blir forsøkt velta over i form av bompengar til innbyggjarane og næringslivet og turistane, når fylkeskommunen lett klarer å fullfinansiere dette prosjektet på sikt med regjeringa sine årlege overføringar av rassikringsmidlar?

Svar:

Bruk av bompengar på fylkesvegar byggjer på lokale initiativ og vedtak, og føreset brei lokal tilslutnad. Prinsippet er at bompengar skal vere eit supplement til ordinær finansiering og kan bidra til å gjennomføre prosjekt raskare enn ved full rammefinansiering. Staten fastset overordna rammer og verkemiddel, men prioriteringa av midlar og val av finansieringsløyising ligg til fylkeskommunane som folkevalde regionale organ.

Når det gjeld fv. 63 Trollstigen, har Møre og Romsdal fylkeskommune, i samband med Rauma og Fjord kommunar, vedteke å arbeide vidare med bompengefinansiering for varig sikring og utbetring av strekninga. Dette følgjer av fylkestingsvedtak 24. april 2025 (sak T-12/25) om prinsipiell tilslutnad til bompengefinansiering, og vedtak 21. april 2026 (sak 10/26) om vidare framdrift og søknad om forskottering av planleggingsmidlar.

Fylkeskommunen grunngjev valet av bompengar med fleire forhold, mellom anna stort sikringsbehov og høg risiko, eit høgt samla kostnadsnivå, omsyn til samfunnstryggleik, næringsliv og reiseliv, samt behov for rask gjennomføring. Nytteprinsippet står sentralt i

vurderinga, særleg sidan Trollstigen har stor sesongbasert trafikk og høg nytte for både innbyggjarar og besøkjande.

Det er samstundes knytt betydeleg usikkerheit til om prosjektet kan realiserast som eit bompengeprojekt. Gjennomføringa vil vere avhengig av mellom anna trafikkgrunnlaget (ÅDT), samla kostnader for nødvendige tiltak, rente- og finansieringsføresetnader og kva tiltak som faktisk blir inkluderte. Det avgrensa og sesongbaserte trafikkgrunnlaget set grenser for bompengepotensialet og dermed for kor stor del av sikringsbehovet som kan finansierast på denne måten. Vidare krev prosjektet statleg avklaring og eventuelt godkjenning av bompengeprogget før det kan realiserast. Prosjektet er difor ikkje endeleg avklart, men avhengig av vidare utgreingar og vedtak.

I Nasjonal transportplan 2025–2036 er det opna for å nytte bompengar som verkemiddel for å realisere fleire mindre og mellomstore utbetningsprosjekt på både riks- og fylkesvegnettet. Det blir mellom anna peikt på moglegeita for pilotprosjekt med strekningsvise løysingar som kombinerer forskots-, parallell- og etterskotsinnkrevjing, der dette er føremålstenleg. Føresetnadene er lokal forankring, låg innkrevjingskostnad og at nytteprinsippet blir ivareteke. Prosjektet Trollstigen kan passe inn i ei slik ramme.

Fylkeskommunane finansierer i hovudsak fylkesveggar med frie inntekter, som består av rammetilskot og skatteinntekter. Statens vegvesen lagde eit tilskotprogram for skredsikring på fylkesvegnettet (kap. 1320, post 62) for perioden 2018–2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018–2029. Tilskotet blei innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunar i statsbudsjettet for 2020, og midlane er gitt særskild fordeling på tabell C-fk. I åra 2020–2023 har midlane blitt fordelte mellom fylkeskommunane med utgangspunkt i årleg gjennomsnittleg ramme i tilskotprogrammet. Med statsbudsjettet for 2023 har alle fylkeskommunane fått tildelt midlar i tråd med tilskotsprogrammet for 2018–2023. Frå og med 2024 har det blitt lagt til grunn same prosentvise fordeling mellom fylkeskommunane som i heile tilskotsprogrammet for 2018–2023, som ga ein auke i fordelinga til Møre og Romsdal fylkeskommune frå 2024. I saldert budsjett for 2026 blei midlar fordelt til ras- og skredsikring på tabell C-fk auka med 100 mill. kr, som også auka midlar fordelt til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Tabell 1 visar øyremerkt tilskot til skredsikring Møre og Romsdal fylkeskommune for åra 2017-2019. Tabell 2 visar midlar fordelte til Møre og Romsdal på tabell C-fk Ras- og skredsikring fylkesveg i inntektssystemet til fylkeskommunar for åra 2020-2026. Tabellane er i nominelle prisar.

Tabell 1. Øyremerkt tilskot til Møre og Romsdal fylkeskommune på kap. 1320, post 62 Tilskot til skredsikring av fylkesveg

i tusen kroner

2017	2018	2019
24 500	220 000	74 400

Tabell 2. Midlar fordelte til Møre og Romsdal fylkeskommune over tabell C-fk Ras- og skedsikring fylkesveg på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar»


i tusen kroner

2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
84 402	86 681	88 848	95 708	127 049	132 258	150 377

I tillegg til desse midlane fekk Møre og Romsdal fylkeskommune i 2024 40 mill. kroner i skjønnsmidlar som et eingongstilskot over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett, til finansiering av akutt utbetring etter ekstraordinære skredhendingar i Trollstigen.

Midlar fordelte over tabell C-fk inngår i fylkeskommunane sine frie inntekter, og fylkeskommunane prioriterer bruken midlane etter lokale behov. Eg vil understreke at staten legg til rette gjennom føreseielege rammer, men detaljstyrer ikkje prioriteringane til fylkeskommunane.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård